



Tilleggsinnkalling Kommunestyret

Møtedato: 15.09.2016

Møtested: Austrheim samfunnshus

Møtetid: 18.00

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no

Varamedlem møter berre etter nærmere innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
095/16	Etablering av nytt selskap for hamnesamarbeid i Bergensregionen/Avvikling av dagens Bergen og Omland havnevesen(BOH)

Dato 12.09.2016

Per Lerøy
ordførar

Jan Olav Osen
rådmann

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
095/16	Kommunestyret	PS	15.09.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 038	15/82

Etablering av nytt selskap for hamnesamarbeid i Bergensregionen/Avvikling av dagens Bergen og Omland havnevesen(BOH)

Vedlegg

Politisk godkjenning av intensjonsavtale om nytt regionalt hamnesamarbeid

Utkast til vedtekter for Havneselskapet AS

Nytt regionalt hamneselskap – fordeling av A-aksjar, verv og representasjon

Prinsippvedtak om oppløsning av Bergen og Omland Havnevesen

Framlegg til vedtak:

1. Austrheim kommunestyre godkjenner «Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid» («*Intensjonsavtalen*»), datert 17.06.2016.

2. Austrheim kommunestyre godkjenner at det vert stifte det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeidskommunane. Dette i samsvar med vedlagte intensjonsavtale og utkast til vedtekter.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Bergen og Omland havnevesen (BOH) er i dag organisert som eit samarbeid etter kommunelova § 27. BOH er såleis ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt, men ein del av Bergen kommune. Selskapet er eit samarbeid om hamneverksemda i dei 11 medlemskommunane Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Lindås, Meland, Os, Radøy, Sund og Øygarden («samarbeidskommunane»).

Organiseringa i dag er lite tenleg med tanke på ei framtidssretta, konkurransedyktig og robust hamn i eit regionalt, nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Denne saka orienterer om prosessane som har ført fram til at kommunane har inngått ein intensjonsavtale om å etablere eit nytt hamneselskap, forslag til vidareprosessar for å etablere det nye selskapet og tilråding om å avvikle dagens BOH. Alle samarbeidskommunane vil handsame tilsvarande sak. Målsettinga er å ha etablert eit nytt selskap som er operativt frå 01.01.2017.

Prinsippvedtak i kommunestyra hausten 2015/vinteren 2016 om oppløsing av BOH:

Hamnerådet i BOH handsama sak om oppløsing av BOH i møte 5. januar 2015, jf. sak nr. 3/15.

Samarbeidskommunane vart i brev frå BOH, datert 19.01.15, informerte om at hamnerådet samråystes hadde vedtatt å løyse opp selskapet under visse føresetnadar.

På bakgrunn av vedtaket nemnd over handsama **Austrheim kommunestyre den 02.09.15, K.sak 73/15:**

1. Bergen og Omland havnevesen(BOH) vert oppløyst. Eit framtidig vedtak om oppløysing er betinga av følgjande føresetnader:
 - a) Minst 2/3 av medlemskommunane i BOH har beslutta at det ikkje skal fremjast eit krav på oppløysingsproveny på utover den andel dei respektive kommunar vil vidareføre i Bergen Hamn IKS(BH IKS).
 - b) Bergen kommune erklærer at det ligg føre ei avklaring som kommunen kan akseptere på høve mellom havnekapitalen og kommunen sine øvrige eigendalar.
 - c) Det ligg føre eit utkast til stiftingsdokumenter for BH IKS.
 - d) Havnerådet treffer eit ubetinga vedtak om oppløysing.
 - e) Endeleg vedtak om oppløysing skal foreleggjast samtlege medlemskommunar i BOH etter atpunkt 1 bokstav a til d er avklart.
2. Austrheim kommune ynskjer å vidareføre eigen havneverksemid som deltar i BH IKS.
3. Austrheim kommune vil ikkje gjere krav på anna proveny ved oppløysing av BOH enn det som vidareførast som ein del av verksemda i BH IKS.

Dei andre samarbeidskommunane handsama tilsvarande saker i sine kommunestyre hausten 2015/vinteren 2016. Samtlege kommunar har vedtatt å avvikle BOH med dei føresetnadane som er nemnde over. Dei fleste kommunestyra gav også positive signal om å ta del i eit nytt regionalt hamne2 samarbeid. Lindås og Os kommune vedtok likevel at dei ikkje ville delta i eit nytt hamnesamarbeid.

Desse to kommunane fremja krav om eit oppløysingsproveny i samband med avviklinga av BOH.

Møte mellom samarbeidskommunane:

I prosessen med å oppfylle kriteria, som er sett i prinsippvedtaket om oppløysing, har det vore halde fleire møte mellom ordførarane i samarbeidskommunane i 2015/2016 («ordførarmøte»). Både det noverande og førre byrådet har vore opptatte av å skipe eit selskap kor samtlege av dagens samarbeidskommunar i BOH vil vere med over i det nye hamnesamarbeidet.

Bergen kommune tok difor initiativ til eit ordførarmøte 19.02.16. I møtet tok Bergen på nytt opp spørsmålet om samarbeid for å etablere eit nytt hamneselskap kor alle tidlegare deltakarkommunar ønskte å vere med vidare. På møtet nemnd tidlegare gjorde Bergen kommune greie for sitt grunnlag for vidare samarbeid:

- Det er ønskeleg at flest mogeleg, helst alle deltakarkommunar vert med vidare
- Det er ønskeleg at alle deltakarkommunane er sterkt involverte når framtidig modell skal utformast
- Det er ønskeleg å få på plass ny organisering samt oppløysing av dagens BOH så snart som mogeleg
- Ny organisering må løyse problematikken kring hamnekasse og kommunekasse mellom BOH og Bergen
- Det kan vere formålstenleg at det skjer ei ny vurdering av selskapsform IKS kontra AS
- Eventuell etablering av nye hamneanlegg og drift av eksisterande må vere økonomisk konkurransedyktig og fremje sjøtransport
- Dagens byråd ønskjer å flytte godsterminalen bort frå Dokken
- Det er Bergen sitt ønske at ny organisering skal sikre reell merverknad frå omlandskommunane
- Cruise, ferjetrafikk og annan nyttetrafikk er framleis føresett handtert av Bergen hamn

Frå omlandskommunane vart det presisert at det er viktig at eit nytt hamnesamarbeid:

- ☒ Er med på å auke og styrke næringsutvikling
 - ☒ Omlandskommunane må få reell medverknad og styring i nytt hamnesamarbeid
- Med bakgrunn i det over, vart deltararane på møte 19.02.16 samde om å setje ned ei administrativ arbeidsgruppe med deltararar frå Bergen, Askøy, Os, Sotra/Øygarden og Nordhordland. Gruppa fekk følgjande mandat:
- Gjennomgå framlegget til organisering og vedtekter for ny organisering, og sjå om ein bør dele organisasjonen opp i to uavhengige organisasjonar med ulike vedtekter og formål
 - Gjennomgå føreliggande framlegg til skilje mellom hamnekapital og kommunekasse. Eventuelt kome med alternativt forslag
 - Utarbeide forslag om kor stor eigenkapitalen skal vere og korleis han skal finansierast
 - Utarbeide forslag til mogeleg styringsstruktur som attspeglar deltararkommunane sin økonomiske risiko/hamnekapital og aktivitetsområde

Intensjonsavtale:

Det har vore halde fleire møte i den administrative arbeidsgruppa og ordførarmøte i perioden.

Gjennom konstruktivt samarbeid og svært god dialog i dei to nemnde fora, har samarbeidskommunane blitt samde om:

«*Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Hamnevesen og etablering av nytt regionalt havnesamarbeid»* («Intensjonsavtalen»), samt vedtekter for eit nytt hamneselskap. (sjå vedlegg).

Intensjonsavtalen vart underskriven i eit ordførarmøte den 17.06.16, men med etterhald om godkjenning i
dei respektive kommunestyra.

Dei mest sentrale punkta i Intensjonsavtalen og vedtekten er:

- ☒ Opprette eit nytt hamneselskap i form av eit aksjeselskap.
- ☒ Samtlege av dagens samarbeidskommunar vert eigarar med ulik eigardel, men der Bergen kommune og omlandskommunane eig 50 % kvar av aksjane i selskapet.
- ☒ Formålet med selskapet er å ivareta/samordne hamneoppgåver i eigarkommunanes hamnefarvatn, i dette ligg å arbeide for å utvikle hamnene i regionen som attraktive hamner i regional, nasjonal og internasjonal samanheng.
- ☒ Ved selskapsetableringa vil det verte skote inn aksjekapital på MNOK 5 frå Bergen kommune og til saman MNOK 5 frå omlandskommunane.
- ☒ Selskapet vil bli tilført verdiar frå hamnekapitalen i Bergen kommune med MNOK 540. Ein monaleg del av hamnekapitalen vil bli tilordna det nye selskapet i form av anleggsmidlar som hamnerelaterte driftsmidlar og særeigne hamneeidomar-/innretningar frå dagens BOH, nærmare omtalt i vedlagte saksutgreiing.

Ut over det nemnde innskotet i eigenkapital på MNOK 550 i det nye hamneselskapet, vil Bergen kommune i framtida forvalte ei eiga separat hamnekasse på MNOK 450. Dette er midlar som Bergen kommune i framtida pliktar å overføre til ei eiga hamnekasse når hamneverksemda på Dokkeskjærskaien (Dokken) opphører, og vert flytta til eit anna passande område.

Det nye hamneselskapet vil få ei eigenkapitalfinansiering på MNOK 550, noko som gir selskapet økonomisk evne til å utføre dei løpende oppgåvene selskapet er pålagt etter hamne- og farvatnlova. Eigenkapitalen gir også tilstrekkeleg finansiell løfteevne for framtidige investeringar i hamner i regionen.

Det vert vurdert slik at Intensjonsavtalen skisserer eit forslag til løysing som inneber vidare samarbeid mellom alle deltararkommunane, ny hensiktsmessig organisering som tar vare på næringsutvikling i heile regionen, og at forholdet mellom hamnekasse og bykasse er løyst på eit rimeleg vis som tryggjer ei god og forsvarleg finansiering av det nye hamnesamarbeidet.

Intensjonsavtalen byggjer elles på dei hovudprinsippa for løysing av hamnekasse- og bykasseproblematikk, slik desse vart presentert og drøfta i møte 25.03.15 mellom Bergen kommune (byråd for finans) og Samferdselsdepartementet (statssekretær), og kor følgjande oppsummering vart trekt:

- ☒ «Departementet gav uttrykk for at det syntes som om Bergen kommune og BOH hadde gjort et grundig arbeid knyttet til gjennomgang av eiendommer i relasjon til henholdsvis havnekasse og bykasse.
- ☒ Departementet påpekte at denne prosessen avgjøres av BOH og Bergen kommune.
- ☒ Ferdig fremforhandlet avtale behandles i de to nevnte organers beslutningsorgan.
- ☒ Kystverket skal ikke godkjenne framforhandlet løsning, men kan påklage avtalen til Samferdselsdepartementet, dersom man finner at den foreslalte løsning ikke er i samsvar med forutsetninger i Havne- og farvannsloven.»

Intensjonsavtalen og vedtektena er utforma slik at desse m.a. tar vare på den viktige føresetnaden om næringsutvikling som vart ytra frå omlandskommunane på ordførarmøtet den 19.02.16.

For Lindås kommune har det vore viktig å få ei løysing som gir dei ein avgjerande påverknad over Mongstad kai. Dette er noko som dei andre samarbeidskommunane har vist forståing for, og dette høvet skal vere forsvarleg tatt vare på i den føreliggjande intensjonsavtalen.

Vidare arbeid:

Med etterhald om positiv kommunal handsaming av Intensjonsavtalen og utkastet til vedtekter i alle samarbeidskommunane, vil Bergen kommune med bakgrunn i delegasjonsvedtak frå bystyret, invitere alle samarbeidskommunane til eit stiftingsmøte der det nye hamneselskapet formelt vert stifta.

Stiftinga av selskapet vil bli gjennomført med bakgrunn i vedlagte forslag til vedtekter og dei rammer for finansiering og aksjefordeling som følgjer av Intensjonsavtalen. Straks etter stiftingsmøtet vil konstituerande generalforsamling verte halde. Her vil styret for selskapet bli vald.

Styret vil, saman med den daglege leiinga i selskapet, få hovudsvarer for det vidare arbeidet med å få

gjennomført dei formelle og praktiske oppgåvene knytt til reetableringa av hamneverksemda innan dei gjevne rammene.

Det er i denne saka lagt stor vekt på å få til ein samarbeidsmodell for det nye hamnesamarbeidet gjennomein balansert avtale, og som alle noverande samarbeidskommunar venteleg kan slutte seg til. Dei noverande samarbeidskommunane utgjer i nasjonal samanheng eit relativt stort og interessant område der det bor mange menneske med eit velfungerande næringsliv. Det har vore viktig å finne gode samarbeidsløysingar på tvers av kommunegrensene innanfor områda der dette er naturleg og til det beste for innbyggjarane, næringslivet og samfunnslivet elles.

Semja som er uttrykt i den vedlagte intensjonsavtale frå samarbeidskommunane vil ikkje berre vere med på å skape eit effektivt og velfungerande nytt hamneselskap for regionen, men gjennom dette kan også regionen si vidare utvikling og attraktivitet bli styrka, både kva gjeld busetnad, næringsliv og nyetableringar.

Til slutt vil ein trekke fram det gode arbeidet som alle samarbeidskommunane har ytt for å kome fram til intensjonsavtalen, og ikkje minst den aktive og konstruktive innsatsen som har funne stad i den administrative arbeidsgruppa som har arbeidd med detaljane i saka.

Vurdering

Med bakgrunn i Austrheim kommunestyre sitt vedtak den 02.09.15, K.sak 73/15 finn eg no at det er

grunnlag for å gå vidare med saka i samsvar intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland havnevesen og etablering av nytt regionalt havnesamarbeid datert 17.06.16. I tillegg bør framlegg til vedtekter for det nye Havneselskapet AS godkjennast.

Konklusjon

Eg rår til følgjande:

1. Austrheim kommunestyre godkjenner «Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid» (*«Intensjonsavtalen»*), datert 17.06.2016.
2. Austrheim kommunestyre godkjenner at det vert stiftet det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeidskommunane. Dette i samsvar med vedlagte intensjonsavtale og utkast til vedtekter.

Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt havnesamarbeid

Inngått mellom
deltakerkommuner i
Bergen og Omland Havnevesen

17. juni 2016

1 PARTER

Denne intensjonsavtalen, heretter benevnt "Avtalen", er dags dato inngått mellom følgende parter:

- Askøy kommune
- Austrheim kommune
- Bergen kommune
- Fedje kommune
- Fjell kommune
- Lindås kommune
- Meland kommune
- Os kommune
- Radøy kommune
- Sund kommune
- Øygarden kommune

I denne Avtalen er den enkelte kommune benevnt som "Part" og i felleskap "Partene".

2 BAKGRUNN

Partene er deltakerkommuner i Bergen om Omland Havnevesen ("BOH"). Det er enighet om at dagens havnesamarbeid skal omorganiseres.

Formålet med denne Avtalen er derfor å trekke opp prinsipper avvikling av BOH og etablering av et nytt regionalt havnesamarbeid. Et nytt havnesamarbeid skal danne grunnlaget for en fremtidsrettet, moderne og solid havnevirksomhet i eierkommunenes havnefarvann.

Videre er formålet med denne Avtalen å klarlegge skillet mellom eiendeler som utgjør Bergen kommunes havnekapital slik denne er definert i havne- og farvannsloven § 47 ("Havnekapitalen i Bergen"), og øvrige eiendeler som tilhører Bergen kommune ("Bykassen"), men som i dag er balanseført i BOH.

3 NAVN, SELSKAPSFORM OG FORRETNINGSKONTOR

Det nye havnesamarbeidet skal etableres som et aksjeselskap.

Selskapets navn skal være Havneselskapet AS ("Selskapet").

Selskapet skal ha sitt forretningskontor i Bergen kommune.

4 SELSKAPETS FORMÅL

Selskapet skal ivareta og samordne havneoppgaver i eierkommunenes havnefarvann.

Selskapet skal arbeide for å utvikle havnene i regionen som attraktive havner i regional, nasjonal og internasjonal sammenheng.

Selskapet skal fremme sjøveis transport av personer og gods som en effektiv, miljøvennlig og fremtidsrettet kommunikasjonsform, og legge til rette for effektiv samhandling med andre transportformer. Havneanlegg og arealer skal disponeres og utvikles med sikte på en best mulig ressursutnyttelse. Selskapet skal videre kunne engasjere seg i alle andre former for havnetilknyttet virksomhet, herunder samferdselsspørsmål og næringsutvikling som innenfor samarbeidsområdet finnes hensiktsmessig og økonomisk fordelaktig for det næringsliv havnene skal betjene og dermed også for selskapet.

Selskapet skal arbeide for sikkerhet på sjøen og trygge farleder.

Selskapet skal etablere et eget datterselskap som innen rammen av havne- og farvannsloven skal forestå forvaltningsoppgaver på vegne av eierkommunene i samsvar med delegasjon av myndighet fra den enkelte kommune.

Selskapet kan etablere egne selskaper eller delta som medeier i selskaper når dette ligger innenfor selskapets vedtektsfestede virksomhet. Herunder kan Selskapet også delta som medeier i selskaper og/eller som direkte medeier i kaianlegg og tilknyttet infrastruktur sammen med andre offentlige og/eller private aktører.

5 AKSJEKAPITAL OG AKSJEKLASSER

Selskapets skal ha en aksjekapital på NOK 10 000 000 fordelt på 10 000 aksjer, hver pålydende NOK 1 000.

Det skal være to aksjeklasser i selskapet, Aksjeklasse A og Aksjeklasse B.

Aksjeklasse A har rett til å velge fire styremedlemmer på generalforsamlingen. Aksjeklasse A har også rett til å velge møteleder på generalforsamlingen. Det skal arbeides videre med prinsipp/metode for fordeling av styremedlemmer mellom deltakende kommuner.

Aksjeklasse B har rett til å velge fire styremedlemmer på generalforsamlingen. Aksjeklasse B har også rett til å velge hvem som skal være styreleder.

6 FORDELING AV EIERSKAP OG INNSKUTT AKSJEKAPITAL

Det er bare kommuner som kan eie aksjer i selskapet. Partene i denne Avtalen skal gis rett til å tegne aksjer i Selskapet etter følgende fordeling:

Kommune	Antall aksjer i Aksjeklasse A	Antall aksjer i Aksjeklasse B	Prosentvis eierandel i Selskapet	Innskutt aksjekapital i NOK
Askøy	500		5	500 000
Austrheim	100		1	100 000
Bergen		5 000	50	5 000 000
Fedje	100		1	100 000

Fjell	1 100		11	1 100 000
Lindås	1 600		16	1 600 000
Meland	100		1	100 000
Os	500		5	500 000
Radøy	100		1	100 000
Sund	100		1	100 000
Øygarden	800		8	800 000
SUM	5000	5000	100	10 000 000

I tillegg til ovennevnte aksjeinnskudd har Bergen kommune en plikt til å yte et ekstra innskudd av egenkapital som beskrevet i punkt 10 nedenfor. Slik innskutt egenkapital endrer ikke ovennevnte fordeling av eierskap. Samlet innskutt kapital i Selskapet blir således NOK 545 mill. fra Havnekassen i Bergen, inkludert innskutt aksjekapital på NOK 5 mill, og NOK 5 mill. fra de øvrige deltakerkommuner, hvilket til sammen utgjør NOK 550 mill.

Dertil skal Partenes sameie i eiendeler som i dag eies av BOH (likvide midler, maskiner, kjøretøy samt installasjoner og anlegg), med unntak av andel i Mongstad kai, bli skutt inn i Selskapet uten at dette endrer ovennevnte innskuddsplikt, fordeling av eierskap og aksjetegning. For Mongstad kai inngås en særskilt avtale, se punkt 9 nedenfor.

7 OMSETNINGSBEGRENSNINGER. NYE DELTAKERKOMMUNER

Aksjer kan overdras til andre kommuner til kostpris. Erverv av aksjer skal være betinget av samtykke fra Selskapets styre. Samtykke kan ikke nektes uten saklig grunn. Kravet om styresamtykke gjelder ikke økt eierskap som følge av at kommuner slås sammen.

Det er ikke forkjøpsrett til aksjene i Selskapet.

Ved tilslutning fra et flertall av deltakerne i begge aksjeklasser, samt tilslutning fra 2/3 av aksjekapitalen, kan det vedtas rettet emisjon mot nye deltakerkommuner. Ny deltaker tegner aksjer i Aksjeklasse A. Tegningskursen settes til aksjenes pålydende.

Utvidelse av aksjekapitalen endrer ikke reguleringen av forholdet mellom aksjeklassene slik er beskrevet i denne Avtalen.

8 INNLØSNING OG OPPLØSNING

Enhver deltaker i Selskapet skal ha rett til å tre ut med 6 måneders skriftlig varsel. Uttreden foretas ved at Selskapet innløser uttredende deltakers aksjer. Innløsningssummen skal tilsvare eiers kostpris for aksjene i Selskapet.

Innløsning endrer ikke reguleringen av forholdet mellom aksjeklassene slik dette er beskrevet i denne Avtalen.

Selskapet skal oppløses ved tilslutning fra samtlige stemmer i én av Selskapets aksjeklasser. Ved oppløsning fordeles netto verdi av Selskapets eiendeler forholdsmessig ut fra innskutt egenkapital fra den enkelte deltakerkommune.

Ved oppløsning har den enkelte deltaker rett til å kjøpe kaianlegg og annen fast infrastruktur som ligger i deltakers kommune. Kjøpet foretas til markedspris.

9 AVVIKLING AV BOH

Partene er enige om at BOH skal avvikles samtidig med at Selskapet etableres.

BOHs eiendeler skal, med unntak av andel i Mongstad kai, overføres til Selskapet ved stiftelsen av dette. Eiendommer som omtalt i punkt 10 nedenfor omfattes ikke av BOHs eiendeler, men skal tilordnes Selskapet i den grad dette følger av innskuddsplikten i punkt 10 nedenfor. BOHs eiendeler utgjør i således hovedsak likvide midler, maskiner, kjøretøy samt installasjoner og anlegg.

Ved avviklingen av BOH overføres eierskapet til Mongstad kai fra BOH til et nytt aksjeselskap ("Mongstad kai AS"). Lindås kommune skal eie 65 % og Havneselskapet AS skal eie 35 % av aksjene i Mongstad kai AS. Styret i Mongstad kai AS skal bestå av 3 personer. Det inngås en aksjonæravtale som gir Lindås kommune rett til å utpeke to av styrets medlemmer og Havneselskapet AS rett til å utpeke ett styremedlem. Havneselskapet AS skal stå for driften av Mongstad kai AS, og det skal inngås en driftsavtale på markedsmessige vilkår. Mongstad kai AS skal ikke kunne utøve virksomhet som må anses som konkurrerende i forhold til Havneselskapet AS.

10 SKILLET MELLOM HAVNEKAPITALEN OG BYKASSEN I BERGEN

Med "Eiendommene" menes i denne Avtalen samtlige eiendommer, tomter, arealer, bygninger, kaifronter, kaiavsnitt og faste havneinnretninger som ligger i Bergen kommune og som på tidspunktet for inngåelse av Avtalen er balanseført i BOH.

Samtlige Eiendommer tilhører Bykassen i Bergen med mindre annet er følger av denne Avalen. Dette innebærer at Havnekapitalen i Bergen består av verdier for NOK 995 mill. Dette er verdier som skal tilordnes den havnekasse som Bergen kommune utpeker i samsvar med prinsippene omtalt nedenfor.

Havnekapitalen i Bergen består, foruten en sameieandel i det som eies av BOH (jf. punkt 6 siste avsnitt ovenfor), av følgende:

- Verdier for NOK 545 mill. som tilordnes Selskapet som egenkapitalinnskudd ved stiftelsen av dette.
- Verdier for ytterligere NOK 450 mill. Slike verdier overføres fra Bykassen i Bergen til en egen "havnekasse" i Bergen kommune når havnevirksomheten på Dokken opphører og disse arealene tilbakeleveres til Bykassen.

Innskuddet på NOK 545 mill. tilordnes Selskapet etter følgende prinsipper:

- A. Innskutt aksjekapital i ved tegning av aksjer i Selskapet, til sammen NOK 5 mill. (jf. punkt 6 ovenfor).
- B. Ved oppløsning av BOH overtar Bykassen i Bergen all langsiktig gjeld i BOH, ca. kr. 350 mill.

- C. Det skal ikke ligge latente skatteplikter ved overføringen og alle aktiva bokføres til markedsverdi ved etableringen av Selskapet.
- D. Arbeidskapital (omløpsmidler og kortsiktig gjeld) og som tilligger Bergen kommunes andel i BOH, overføres ved oppløsning av BOH i sin helhet til Selskapet.
- E. Anleggsmidler som anses som en del av Eiendommene overføres til Selskapet etter en taksering (markedsverdier) og avregnes mot det avtale innskuddet. Følgende anleggsmidler skal overtas av Selskapet:
 - i. Alle direkte havnerelaterte driftsmidler
 - ii. Hurtigruteterminalen/Administrasjonsbygget på Dokken
 - iii. Typiske havneeiendommer/-innretninger som ikke vil være knyttet til kommunale formål
 - iv. Skolten

Bygg eller arealer som ikke er tillagt Havnekapitalen i Bergen, og som ønskes benyttet til havnevirksomhet, leies av Selskapet fra Bykassen i Bergen. Kaifronter disponeres til symbolsk leie som gjenspeiler en vedlikeholdsplikt. Øvrige arealer og bygninger disponeres til markedsleie.

11 ANSATTE

Når BOH oppløses og Selskapet stiftes foretas det en transaksjon som reguleres av arbeidsmiljølovens regler om virksomhetsoverdragelse. De ansatte i BOH vil i utgangspunktet gå fra å være ansatte i Bergen kommune til å bli ansatte i Havneselskapet AS. Partene i Avtalen er imidlertid innforstått med at bestemmelsene i arbeidsmiljøloven legger bindende premisser som i korte trekk oppsummeres slik:

- A. Alle rettigheter og plikter som følger av de arbeidsforhold som foreligger på overdragelsestidspunktet, overføres til den nye arbeidsgiver.
- B. De berørte ansatte har krav på informasjon i forkant av overdragelsen, og de tillitsvalgte skal informeres og inviteres til drøftinger.
- C. De berørte ansatte kan motsette seg overføring av ansettelsesforholdet til ny arbeidsgiver.
- D. Virksomhetsoverdragelsen gir ikke i seg selv verken tidligere eller ny arbeidsgiver saklig grunn for oppsigelse.

12 GODKJENNINGER

Denne Avtalen må godkjennes av de respektive kommunestyrer.

Videre er denne Avtalen inngått under forutsetning av at statlige myndigheter ikke treffer vedtak som innebærer at ovennevnte prinsipper for avvikling av BOH, fordeling av eiendeler og etablering av Selskapet ikke kan følges.

13 FREMDRIFTSPLAN

Partene er enige om følgende tentativ fremdriftsplan:

Dato	Begivenhet
	Utkast til budsjett for Havneselskapet AS for 2017
	Avvikling av BOH og aksjetegning i Havneselskapet AS godkjennes av samtlige kommunestyre
	Avklaring på at statlige myndigheter vil godkjenne alle sider ved avviklingen av BOH og etableringen av Havneselskapet AS
	Ferdigstilling av dokumenter for avvikling av BOH og stiftelse av Havneselskapet AS, inkludert avklaring av hvem som skal utgjøre styret i Selskapet
	Havnestyret godkjenner oppløsning av BOH
	Havnerådet godkjenner oppløsning av BOH
31.12.2016	Avvikling av BOH og stiftelse Havneselskapet AS

14 UNDERSKRIFTER

Bergen, 17. juni 2016

The image shows handwritten signatures of 14 municipalities in the Bergen region, each accompanied by the municipality's name in a smaller printed font below the signature.

- Torje Mathiassen, Askøy kommune
- P. Lys, Austheim kommune
- Hardd. Schjeldafjord, Bergen kommune
- Sigmund Høyer, Fedje kommune
- Hansine S. Bjørøy, Fjell kommune
- Inga Bognøy, Lindås kommune
- Øystein Oddika, Meland kommune
- Os kommune
- Jørn Aabland, Radøy kommune
- Karoline Landstrøm, Sund kommune
- Børge Rønning, Øygarden kommune

Vedtekter for Havneselskapet AS

(org. nr. ...)

(Stiftet [dato], sist endret [dato])

§ 1 Firmanavn

Selskapets firmanavn er Havneselskapet AS.

§ 2 Forretningskommune

Selskapet skal ha sitt forretningskontor i Bergen kommune.

§ 3 Selskapets virksomhet

Selskapet skal ivareta og samordne havneoppgaver i eierkommunenes havnefarvann.

Selskapet skal arbeide for å utvikle havnene i regionen som attraktive havner i regional, nasjonal og internasjonal sammenheng.

Selskapet skal fremme sjøveis transport av personer og gods som en effektiv, miljøvennlig og fremtidsrettet kommunikasjonsform, og legge til rette for effektiv samhandling med andre transportformer. Havneanlegg og arealer skal disponeres og utvikles med sikte på en best mulig ressursutnyttelse. Selskapet skal videre kunne engasjere seg i alle andre former for havnetilknyttet virksomhet, herunder samferdselsspørsmål og næringsutvikling som innenfor samarbeidsområdet finnes hensiktsmessig og økonomisk fordelaktig for det næringsliv havnene skal betjene og dermed også for selskapet.

Selskapet skal arbeide for sikkerhet på sjøen og trygge farleder.

Selskapet skal etablere et eget datterselskap som innen rammen av havne- og farvannsloven skal forestå forvaltningsoppgaver på vegne av eierkommunene i samsvar med delegasjon av myndighet fra den enkelte kommune.

Selskapet kan etablere egne selskaper eller delta som medeier i selskaper når dette ligger innenfor selskapets vedtektsfestede virksomhet. Herunder kan selskapet også delta som medeier i selskaper og/eller som direkte medeier i kaianlegg og tilknyttet infrastruktur sammen med andre offentlige og/eller private aktører.

§ 4 Aksjekapital og aksjer

Selskapets aksjekapital er NOK 10 000 000 fordelt på 10 000 aksjer, hver pålydende NOK 1 000.

§ 5 Vilkår for eierskap

Det er bare kommuner som kan eie aksjer i selskapet.

§ 6 Signatur

Selskapets firma tegnes av styrets leder alene eller av to styremedlemmer i fellesskap. Styret kan tildele prokura.

§ 7 Aksjeklasser

Det er to aksjeklasser i selskapet, Aksjeklasse A og Aksjeklasse B. Bergen kommune eier B-aksjene og de øvrige kommunene eier A-aksjene.

Aksjeklasse A har rett til å velge fire styremedlemmer på generalforsamlingen. Aksjeklasse A har også rett til å velge møteleder på generalforsamlingen.

Aksjeklasse B har rett til å velge fire styremedlemmer på generalforsamlingen. Aksjeklasse B har også rett til å velge hvem som skal være styreleder.

§ 8 Omsetningsbegrensninger. Nye aksjeeiere

Aksjer kan overdras til andre kommuner til kostpris. Erverv av aksje er betinget av samtykke fra selskapets styre. Samtykke kan ikke nektes uten saklig grunn. Kravet om styresamtykke gjelder ikke økt eierskap som følge av at kommuner slås sammen.

Det er ikke forkjøpsrett til aksjene i selskapet.

Ved tilslutning fra et flertall av deltakerne i begge aksjeklasser, samt tilslutning fra 2/3 av aksjekapitalen, kan det vedtas rettet emisjon mot nye deltakerkommuner. Ny deltaker tegner aksjer i Aksjeklasse A. Tegningskursen settes til aksjenes pålydende.

Utvidelse av aksjekapitalen endrer ikke reguleringen av forholdet mellom aksjeklassene slik dette er regulert i vedtekten.

§ 9 Innløsning og opplosning

Enhver deltaker har rett til å tre ut av selskapet med 6 måneders skriftlig varsel. Utreden foretas ved at selskapet innløser uttredende deltakers aksjer. Innløsningssummen skal tilsvare eiers kostpris for aksjene i selskapet.

Innløsning endrer ikke reguleringen av forholdet mellom aksjeklassene slik dette er regulert i vedtekten.

Selskapet kan oppløses ved tilslutning fra samtlige stemmer i én av selskapets aksjeklasser. Ved oppløsning fordeles netto verdi av selskapets eiendeler forholdsmessig ut fra innskutt egenkapital fra den enkelte deltakerkommune.

Ved oppløsning har den enkelte deltaker rett til å kjøpe kaianlegg og annen fast infrastruktur som ligger i deltakers kommune. Kjøpet foretas til markedspris.

Nytt regionalt hamneselskap – fordeling av A-aksjar, verv og representasjon

Fordeling av eigarskap og innskoten aksjekapital:

Med utgangspunkt i fordelinga av 50 % A-aksjar og 50 % B-aksjar i det nye selskapet, baserte den nedsette arbeidsgruppa seg i utgangspunktet på følgjande parameter ved utrekninga av omlandskommunanes innbyrdes eigardel i A-aksjane i selskapet:

- 1/3 vektning etter felles basis
- 1/3 vektning knytt til folketal pr. mai 2016
- 1/3 vektning knytt til anløpsavgifter i 2012-2015

Sjølv om folketalet i deltakarkommunane ikkje naudsynleg er relevant som parameter i denne samanheng, er det likevel konkludert med at folketalet ofte er ønskjeleg sett frå ein politisk ståstad. Tabellen under er eit produkt av dei nemnde variablane justert for ei noko meir pragmatisk tilnærming til eigarskapen i selskapet, og viser den endelege fordelinga av dei 5.000 A-aksjane i selskapet slik det kjem fram i intensjonsavtalen.

% andel fordeling av A-aksjar:

Kommune	% andel
Lindås	16
Fjell	11
Øygarden	8
Askøy	5
Os	5
Meland	1
Radøy	1
Sund	1
Austrheim	1
Fedje	1
Sum	50

1) Valkomitee

Det bør etablerast ein valkomitee for A-aksjane i selskapet. Valkomiteen skal innstille møteleiar for generalforsamlinga og innstille nye styremedlemmar. Forslaget er at ein set saman ein valkomitee på 3 personar og at vi vel ein person frå kvar geografiske region. Det betyr følgjande:

- 1 person frå nord (Lindås, Meland, Radøy, Austrheim og Fedje)
- 1 person frå vest (Sund, Fjell og Øygarden)
- 1 person frå midtre (Os og Askøy)

Det er formelt generalforsamlinga som skal velje valkomitee. Kandidatar til den første valkomiteen bør avklarast med ordførarar før den første generalforsamlinga. Forslaget er at ordførar i Lindås, Fjell og Os tar ein diskusjon med ordførarane i sin region og kjem med innspel på kven som skal inn i den første valkomiteen. Personar som skal inn i den valkomiteen bør avklarast formelt i den politiske saka om etablering av hamneselskap.

2) Møteleiar for generalforsamlinga

Aksjeklasse A har rett til å velje møteleiar på generalforsamlinga. Kvar kommune i aksjeklasse A har 1 representant i generalforsamlinga. Det blir valkomiteen si oppgåve å innstille på kven som skal vere møteleiar. Møteleiar blir velt frå den som har støtte frå majoriteten av eigarane etter avstemming på

generalforsamlinga. Framlegg til møteleiar på første generalforsamling bør vere avklart i den etablerte valkomiteen (punkt 1)

3) Prinsipp for val av styremedlemmar

Det har vorte diskutert fleire modellar for styrerepresentasjon, både i forhold geografi og representasjon. Vi held på at vi må ha ein modell knytt til eigardel og representasjon, det er viktig at dei største eigarane i selskapet er representert i styret. A-aksjar skal vere representert med 4 styremedlemmar. Basert på reell eigardel for A-aksjar foreslår vi følgjande fordeling:

- Lindås/Fjell/Øygarden – 3 styremedlemmar (70% av A-aksjane)
- Sund/Askøy/Os/Radøy/Meland/Fedje og Austrheim – 1 styremedlem (30 % av A-aksjane)

Det er valkomiteen som skal innstille nye styremedlemar og dei skal veljast på generalforsamling. Kommunane som har A-aksjar bør avklare sine styrekandidatar i den politiske saka om godkjenning av intensjonsavtale og vedtekter.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
113/15	Formannskapet	PS	19.08.2015
073/15	Kommunestyret	PS	02.09.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 038	15/82

Prinsippvedtak om oppløsning av Bergen og Omland Havnevesen

Vedlegg

Prinsippvedtak om oppløsing av Bergen og Omland havnevesen - utdrag av protokoll fra årsmøte

5.1.15 i Havnerådet

Oversendingsmail

Prinsippvedtak om oppløsning av Bergen og Omland havnevesen

Prinsippvedtak om oppløsning av BOH

Referat frå møte med samarbeidskommunane

Etablering av nytt hamneselskap i Lindås kommune

Framlegg til vedtak:

1. Bergen og Omland havnevesen(BOH) vert oppløyst. Eit framtidig vedtak om oppløsing er betinga av følgjande føresetnader:
 - a) Minst 2/3 av medlemskommunane i BOH har beslutta at det ikkje skal fremjast eit krav på
oppløysingsproveny på utover den andel dei respektive kommunar vil vidareføre i Bergen Hamn IKS(BH IKS).
 - b) Bergen kommune erklærer at det ligg føre ei avklaring som kommunen kan akseptere på høve mellom havnekapitalen og kommunen sine øvrige eigendelar.
 - c) Det ligg føre eit utkast til stiftingsdokumenter for BH IKS.
 - d) Havnerådet trekker eit ubetinga vedtak om oppløsing.
 - e)Endeleg vedtak om oppløsing foreleggjast samlege medlemskommunar i BOH etter at punkt 1 bokstav a til d er avklart.
2. Austrheim kommune ynskjer å vidareføre eigen havneverksemrd som deltarar i BH IKS.
3. Austrheim kommune vil ikkje gjere krav på anna proveny ved oppløsing av BOH enn det som vidareførast som ein del av verksemda i BH IKS.

Formannskapet - 113/15

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert samråystes vedteke, følgjande endringar:
I pkt. d. skal det vera Havnerådet **treffer** og i pkt. e skal det vere Endeleg vedtak om oppløysing **skal** føreleggjast.

FS - vedtak:

1. Bergen og Omland havnevesen(BOH) vert oppløyst. Eit framtidig vedtak om oppløysing er betinga av følgjande føresetnader:
 - a) Minst 2/3 av medlemskommunane i BOH har beslutta at det ikkje skal fremjast eit krav på oppløysingsproveny på utover den andel dei respektive kommunar vil vidareføre i Bergen Hamn IKS(BH IKS).
 - b) Bergen kommune erklærer at det ligg føre ei avklaring som kommunen kan akseptere på høve mellom havnekapitalen og kommunen sine øvrige eigendelar.
 - c) Det ligg føre eit utkast til stiftingsdokumenter for BH IKS.
 - d) Havnerådet treffer eit ubetinga vedtak om oppløysing.
 - e) Endeleg vedtak om oppløysing skal foreleggjast samtlege medlemskommunar i BOH etter at punkt 1 bokstav a til d er avklart.
2. Austrheim kommune ynskjer å vidareføre eigen havneverksemnd som deltar i BH IKS.
3. Austrheim kommune vil ikkje gjere krav på anna proveny ved oppløysing av BOH enn det som vidareførast som ein del av verksemda i BH IKS.

Kommunestyret - 073/15

KS - behandling:

Øystein Christoffersen, styreleiar i BOH Havnevesen orienterte.

Rådmannen sitt framlegg vert samråystes vedteke

KS - vedtak:

1. Bergen og Omland havnevesen(BOH) vert oppløyst. Eit framtidig vedtak om oppløysing er betinga av følgjande føresetnader:
 - a) Minst 2/3 av medlemskommunane i BOH har beslutta at det ikkje skal fremjast eit krav på oppløysingsproveny på utover den andel dei respektive kommunar vil vidareføre i Bergen Hamn IKS(BH IKS).
 - b) Bergen kommune erklærer at det ligg føre ei avklaring som kommunen kan akseptere på

- høve mellom havnekapitalen og kommunen sine øvrige eigendalar.
- c)Det ligg føre eit utkast til stiftingsdokumenter for BH IKS.
 - d)Havnerådet treffer eit ubetinga vedtak om oppløysing.
 - e)Endeleg vedtak om oppløysing skal foreleggjast samtlege medlemskommunar i BOH etter at
 - punkt 1 bokstav a til d er avklart.
2. Austrheim kommune ynskjer å vidareføre eigen havneverksemd som deltar i BH IKS.
 3. Austrheim kommune vil ikkje gjere krav på anna proveny ved oppløysing av BOH enn det som vidareførast som ein del av verksemda i BH IKS.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Bergen og Omland havnevesen(BOH) er i dag organisert som eit samarbeid etter kommuneloven § 27.BOH er ikkje eit sjølstendig rettssubjekt, men eit samarbeid om hamneverksemd i dei respektive 11 medlemskommunane Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Lindås, Meland, Os, Radøy, Sund og Øygarden.

Dagens organisering er uhensiktsmessig med henblikk på at havnen i Bergen og Omland skal kunne utviklast til eit framtidssretta, konkurransedyktig og robust havn i regionalt-, nasjonalt-, og internasjonalt perspektiv. Det har i fleire år vore arbeida med å komme fram til ein ny organisatorisk løysing for eit framtidig havnesamarbeid. Parallelt med dette har det vore arbeia med fordeling av eigedomar mellom havnekassa og bykassen i Bergen. Dette gjeld eigedomar som ligg i Bergen kommune. Fordeling av nemnde eigedomar med tilhøyrande forpliktingar/ vilkår vil bli nedfelt i eigen avtale mellom BOH og Bergen kommune. I Bergen vil byrådet legge fram eigen sak om dette når dette arbeidet er fullført. For øvrig eig BOH ein kai på Mongstad i Lindås kommune og Vardetangen i Austrheim kommune.

Styret og havnerådet i BOH har handsama eigen sak om oppløysing av BOH. I brev datert 19.01.2015 frå BOH, vert medlemskommunane i BOH informert om at havnerådet einstemmig vedtok fylgjande prinsippvedtak om oppløysing av selskapet i møte 5. januar 2015:

«1. Bergen og Omland havnevesen («BOH») oppløses. Vedtaket om oppløsning er betinget av følgende forutsetninger:

- a. Minst 2/3 av medlemskommunene i BOH har besluttet at det ikke skal fremmes et krav på oppløsningsproveny utover den andel de respektive kommuner vil videreføre i BH IKS.
 - b. Bergen kommune erklærer at det foreligger en avklaring som kommunen kan akseptere på forholdet mellom havnekassen og kommunens øvrige eiendeler (Bykassen).
 - c. Det foreligger et utkast til stiftelsesdokumenter for BH IKS.
 - d. Havnerådet treffer et ubetinget vedtak om oppløsning.
 - e. Havnerådet forutsetter at de ansatte tas med i den videre prosess.
2. Bergen kommune anmodes om raskt å igangsette nødvendige avklaringer om havnekapitalen med statlige myndigheter.
3. Prinsippvedtaket om oppløsning forelegges samtlige medlemskommuner i BOH.
4. Når vilkårene i Prinsippvedtaket om oppløsning er oppfylt, vil Havnerådet vurdere et forslag om å vedta en ubetinget oppløsning av BOH med virkning fra 1. januar 2016.

Havnerådet forutsetter at Bergen kommune snarest innkaller til eiermøte for å avklare betingelser for etablering av Bergen Havn IKS. Havnerådet inviteres også til dette møtet.»

Prinsippvedtaket forventast å verta handsama i alle medlemskommunar hausten 2015, jfr. punkt nr. 3 i vedtaket. Deretter vert det lagt opp til at ein gjer formelle vedtak om oppløysing i samsvar med prosedyrane i BOHs vedtekter.

Det synast nå å vera semje blant dei fleste av samarbeidskommunane om at nåverande organisasjonsform er organisatorisk og juridisk uhensiktsmessig, og at ein for framtida ynskjer å organisere eit nytt havnesamarbeid i eit interkommunalt selskap (Bergen Havn IKS). Ein ny modell forutsettast å gje:

- Grunnlag for ein framtidsretta, moderne og solid havn i Bergensregionen.
- Havnesamarbeidet ein klar styringsform som gjer det enklare for eigarane (Kommunane) å stille krav til selskapet, påvirke utviklinga i selskapet og måle selskapets resultatoppnåing.
- Ein heilhetleg løysing på eigedomsdiskusjonen mellom BOH og Bergen kommune.

I den føreliggjande modellen for etablering av det nye BH IKS er det føreslege eit samla innskot på kr. 1 mrd., og som skal omfatte den samla havnekapitalen i det nye BH IKS. Av desse midlane relaterer 990 mil. kr. seg til ein marknadsmessig verdibetrakting av deler av den kapital som BOH i dag disponerer, herav kr. 540 mill. som havnekapital frå Bergen kommune og kr. 450 mill. som ein framtidig innbetalingsforpikting frå Bergen kommune, og som til ein viss grad relaterer seg til ein gradvis avhending av eigedomen som ikkje lenger kan sjåast på som havnerelatert. Stiftingskapitalen er føreslege å vera kr. 10 mill., hvorav Bergen kommune skyter inn kr. 7 mill., mens dei øvrige deltakerkommunane vil skyte inn til saman kr. 3 mill.. Den planlagte IKS-løysinga for BOH er nærmere beskrevet i den vedlagte saktutgreiinga for prinsippvedtaket, herunder m.a. organisering av overordna styring og nivå, og samansetning av eigenkapitalfinansieringa for selskapet.

I prisippvedtaket frå BOH vert Bergen kommune bedt om snarast å innkalle til eit nytt samarbeidsmøte for m.a. å få avklart betingelsene for etablering av BH IKS, og vidare tilstrebe å få med alle dagens medlemskommunar som deltagere i eit nytt BK IKS. Det vart gjennomført eit slikt møte mellom samarbeidskommunane i BOH i Bergen Rådhus den 4. juni 2015. I vedlagte møte-referat er det føreteke oppsummering og uttrykt forventningar til den vidare prosessen. Herunder er det viktig å peike på at fleire av deltakarkommunane ynskte at BOH skulle ta initiativ til eit

strategiseminar kor ein drøfta BOH sine tanker knytta til regionen som heilhet. I punkt 1, b i prinsippvedtaket frå BOH er ein av vilkåra for at det skal kunne etablerast eit nytt regionalt havnesamarbeid i form av eit BH IKS, at høve til havnekapitalen i Bergen kommune er avklart. Ein slik avklaring må gjerast direkte mellom BOH og Bergen kommune. Slik avklaring skal ligge innanfor havne- og farvannlovens bestemmelser. Samfedselsdepartementet er eventuelt ankeinstans.

Den prosessen som så langt har pågått om oppløysing av BOH og etablering av nytt havnesamarbeid i ein ny organisasjonsform, har ført til at to av samarbeidskommunane, Lindås og Fjell, tidlegare tok eit etterhald om at ein ynskjer å vidareføre eigen havneverksemeld utanfor BH IKS, sjå vedlagt sak frå Lindås kommunestyre.

Det føl av vedtekene for BOH § 15 at eit vedtak om oppløysing må godkjennast « *av det forvaltningsorgan som etter kommuneloven skal godkjenne opprettelse av et interkommunalt samarbeid* ». Etter gjeldande kommunelov er det imlert ikkje nødvendig at departementet godkjenner oppløysing av eit § 27-samarbeid. Av den grunn har Kommunal- og moderniseringsdepartementet uttalt at det ikkje er nødvendig med slik godkjenning, med mindre ein av medlemskommunane bring saka inn for dette departementet.

I vedtaket pkt. 2 heiter det at « *Bergen kommune anmodes om raskt å igangsette nødvendige avklaringer om havnekapitalen med statlige myndigheter.* » Det føl av havne- og farvannslova § 48 anna ledd, anna punktum at « *departementet kan prøve lovligheten av en kommunes vedtak eller annen disposisjon over havnekapitalen* ». Ein avvikling av § 27-samarbeidet og overføring av havnekapital til eit nytt rettssubjekt kan bli sett på som ein « *disposisjon* ». Da oppløysinga av BOH vert planlagt oppfølgd med etablering av eit nytt regionalt havnesamarbeid i form av eit IKS, vert det soleis sett på som hensiktmessig at ein i forkant av prosessen har konferert med Samferdselsdepartementet som er ansvarleg etter havne- og farvannslova. Med dette som utgangspunkt har Bergen kommune hatt innleitt samtal med Samferdselsdepartementet om ein reetablering av havneverksemeld i eit nytt selskap.

For øvrig vert modellen for oppløysing av BOH, og etablering BH IKS, å vera i tråd med havne- og farvannslova. Sjølv om det rettsleg sett ikkje kan forventast ein « *forhåndsgodkjennelse* », er det viktig for prosessen som skal lede til eit nytt regionalt havnesamarbeid at dette er drøfta mellom statleg mynde og Bergen kommune.

Det er tilfredsstillande at det nå ligg føre eit prinsippvedtak frå Havnerådet der det på visse vilkår er beslutta å avvikle dagens § 27-samarbeid for BOH, og å etablere eit nytt havneselskap i form av eit IKS. Prinsippvedtaket inneber ein forsvarleg og formålstenleg skisse av ein endeleg løysing på ein svært langvarig, uavklart situasjon der det har vore betydeleg usikkerhet både til eit eventuelt framtidig havnesamarbeid for Bergensregionen på overordna nivå, dei tilsette i BOH sin arbeidssituasjon samt høve mellom havnemidler og Bergen kommune sine bykassemidler.

Sistnemnde innbefatter ein fordeling av ein eigedomsmasse som BOH disponerer. Det er lagt opp til at det nye selskapet vil bli tilført 1 milliard kr., og det er oppfatninga at Bergen Hamn IKS soleis vil få ein svært solid eigenkapitalfinansiering, ikkje berre i høve til oppgåvane selskapet utfører for samarbeidskommunane i samsvar med havne- og farvannsloven, men også i høve til finansiell løfteevne når det gjeld framtidige investeringar i havnen. Prinsippvedtaket er eit viktig sted vidare i prosessen mot ein endeleg og heilhetleg løysing på eigedomsdiskusjonen med Bergen kommune, og ikkje minst det å danne eit godt grunnlag for ein framtidsretta, moderne og solid havn i Bergensregionen.

Under føresetnad av at bystyret i Bergen vedtek det føreliggjande framlegg til vedtak i saken, vil Bergen kommune i haust invitira dei øvrige samarbeidskommunane i BOH som har meddelt at dei vil delta i det vidare havnesamarbeidet, til eit møte kor ein søker å bli samde om det vidare arbeidet

med etableringa av Bergen Havn IKS.

Vurdering

Eg viser til framlegg til vedtak der det vert rådd til å godkjenne at Bergen og Omland havnevesen vert oppløyst og det vert etablert eit nytt selskap Berge havn IKS(BH IKS). Dette er den løysinga som høver best for Austrheim kommune med utgangspunkt i dei oppgåver som tilligg eit slikt selskap. Det vil ikkje vera nokon gevinst for Austrheim kommune å delta eit nyetablert selskap slik Lindås kommune har føreslege, sjå vedlagt sak frå Lindås kommunestyre.

Konklusjon

Eg rår til følgjande:

- 1.Bergen og Omland havnevesen(BOH) vert oppløyst. Eit framtidig vedtak om oppløysing er betinga av følgjande føresetnader:
 - a) Minst 2/3 av medlemskommunane i BOH har beslutta at det ikkje skal fremjast eit krav på oppløysingsproveny på utover den andel dei respektive kommunar vil vidareføre Bergen Hamn IKS(BH IKS).
 - b)Bergen kommune erklærer at det ligg føre ei avklaring som kommunen kan akseptere på høve mellom havnekapitalen og kommunen sine øvrige eigendalar.
 - c)Det ligg føre eit utkast til stiftingsdokumenter for BH IKS.
 - d)Havnerådet trekker eit ubetinga vedtak om oppløysing.
 - e)Endeleg vedtak om oppløysing foreleggjast samtlege medlemskommunar i BOH etter at punkt 1 bokstav a til d er avklart.
- 2.Austrheim kommune ynskjer å vidareføre eigen havneverksemrd som deltar i BH IKS.
- 3.Austrheim kommune vil ikkje gjere krav på anna proveny ved oppløysing av BOH enn det som vidareførast som ein del av verksemda i BH IKS.